

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 17. mars 2015.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Siw Berve, Kari-Gro Espeland, Øystein Tveit, Brit Houge, Jan Myrekrok, Ketil Kiland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes. Frå Fylkesmannen møtte Per Dehli.

Møtet vart halde på Kvitsund Gymnas der Vest-Telemarkrådet innleiingsvis fekk omvisning og nærare orientering om skulen ved rektor Torleif Belck Olsen.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 07/2015 Referat frå rådsmøte 11. februar 2015.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 11. februar 2015 vart samrøystes godkjent.

Sak 08/2015 Rapportering om prosjektet "Betre læring for alle". v/Sissel Bronken

Prosjektleiar Sissel Bronken var tilstades og orienterte nærare om prosjektet. Med utgangspunkt i prosjektplanen kunne Sissel vise til at det er oppnådd svært gode resultat i prosjektet. Mellom anna er andelen tilmeldingar til PP-tenesta no nede i 6,5 %.

Vest-Telemarkrådet har prioritert 1, 5 mill kroner i form av skjønnsmidlar til dette prosjektet for åra 2013/2014, noko som altså har vist seg å vera god bruk av midlane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 09/2015 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2014 Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag til årsmelding og årsrekneskap 2014 for Vest-Telemarkrådet.

Ole Dalen gjekk nærare gjennom innhaldet i forslaget.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2014 med tanke på endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget i april.

Sak 10/2015 Kommunereformen, status og vegen vidare.

Det låg føre ei oppsummering av prosessen omkring kommunereformen så langt, herunder oversikt over vedtaka i dei enkelte kommunane. I tråd med vedtaka skal saken om eit mogleg forprosjekt opp til ny handsaming, og kommunestyremøta vil finne stad i perioden mars - mai.

Det er lyst ut tilbodskonkurransen der Vest-Telemarkrådet ynskjer å knyte til seg eit rådgjevingsmiljø med høg kompetanse og erfaring i høve til kommunereformen. Konkurransen er lyst ut med atterhald om at kommunane gjer vedtak om at det føreslegne forprosjektet skal gjennomførast.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 11/2015 Utgreiinga av vegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet.

I rådsmøtet 11. februar låg det føre ei utgreiing omkring vegsambanda aust/vest utarbeidd av Statens vegvesen. Utgreiinga foreslår å satse på 2 korridorar over fjellet, der E134 over Haukelifjell skal ha høgast prioritet. På møtet 11. februar fekk regionrådsleiar i oppdrag å lage forslag til uttale med tanke på handsaming i neste rådsmøte. Slikt forslag låg føre til rådsmøtet 17. februar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale gjeldande utgreiinga om vegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet.

Sak 12/2015 Finansiering av framtidige næringshagar - brev frå VTN.

I notat av 13. februar gjer Vest-Telemark Næringsbygg greie for investeringar selskapet har gjort, eller gjeve tilsagn om, i høve til etablering av næringshagar i regionen.

Selskapet har medverka til etablering av næringshagane i Kviteseid og Fyresdal og det er skissert interessante næringshageprosjekt både i Tokke og Seljord. Også Vinje og Nissedal har teke kontakt med tanke på å realisere næringshagar i sine kommunar.

Vest-Telemark Næringsbygg har bidrege med kapital til utbyggingane, og har så langt teke opp banklån i storleik 9 mill kroner. Iflg. notatet ser selskapet det som uråd å få auka banklån til vidare utbygging av næringshagar. Selskapet vender seg no til Vest-Telemarkrådet i form av eit notat der det vert skissert 2 alternative forslag for innhenting av kapital:

- a) Ei mogleg aksjeutviding retta mot eksisterande og nye aksjonærar
- b) Lån av Grunnfondets midlar.

Det låg føre tilråding med forslag om å greie ut saken for vidare handsaming i eit seinare møte. Av drøftingane gjekk det imidlertid fram at Tokke kommune ynskjer ei raskare avgjerd ut frå at kommunestyret alt i april skal handsame mogleg utbygging av næringshage på Dalen.

Det vart gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet ser det som viktig at det vert bygd næringshagar i dei ulike kommunane.

Spørsmål om mogleg utlån av grunnfondsmidlar er av stor prinsipiell betydning.

Vest-Telemarkrådet ynskjer å få dette nærare belyst med tanke på kva reglar som skal gjelde mellom partane ved eit mogleg utlån. Vidare må spørsmålet om utlån setjast opp mot mogleg annan disponering av grunnfondsmidlane.

For å gjera ei nærare utgreiing i saken vert det sett ned ei arbeidsgruppe beståande av:

Jon Svartdal, Erik Skjervagen, Brit Houge, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

I samband med mogleg fråvær vert Halvor Homme valt som vara for Erik Skjervagen

Ut frå kravet til rask framdrift vert møte i arbeidsgruppa fastsett til torsdag 26. mars kl 09.00 i Kviteseid.

Sak 13/2015 Orienteringssaker/ymse.

Stad og tema for komande møte i Vest-Telemarktinget 28. april.

Administrasjonen la fram forslag om at komande møte i Tinget vert lagt til næringshagen i Fyresdal med tanke på informasjon og omvisning.

Ein vil invitere Lars Torstein Momrak og mogleg andre frå Vest-Telemark vidaregåande skule for nærare drøftingar rundt aktuelle studietilbod på Dalen og i Seljord.

Det er også aktuelt å legge eit mogleg møte med LVK-leiar Torfinn Opheim til møtet i Tinget, men dette er ikkje avklart enno. Møtestart vert kl 10.00.

LVK sitt eigedomsskatte-utval

Gry Wienenga og Olav Bjørn Bakken sit i utvalet som representantar frå Telemark.

Vest-Telemarkrådet vil støtte forslag om attval av desse 2.

Høyring "Regional plan for oppvekst og kompetanse.

Regionrådsleiar får i oppdrag å "skumme" gjennom høyringsutkastet for å finne ut om det er aktuelt å gje uttale. Høyringsfristen er sett til 17. april 2015.

Val av styrerepr til selskap eigd av kommunane.

Brit Houge orienterte om rådmennenes oppdrag som valkomite for PPT og Brannvernssamarbeidet. VTN/VTNU er også på denne lista, men har i tillegg ei eiga valnemnd.

AU har tilsvarande rolle som valkomite for Renovest og Vest-Telemark Kraftlag

Vest-Telemarkrådet peikar på at ein i dette arbeidet også må vurdere godtgjerslene for dei ulike verva.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes